



# Høring - Framlegg til forskrift om kva dokumentasjon som skal takast vare på for ettertida (bevaringsforskrifta)

**Dato**  
07.10.2025

**Vår ref.**  
2025/13794

**Dykkar ref.**

**Sakshandsamar**  
Elisabeth Harlem Eide  
spesialrådgiver

PB 4013 Ullevål stadion  
0806 Oslo

postmottak@arkivverket.no  
48 05 56 66

**Org. nr.**  
961181399

Arkivverket sender på høring eit framlegg til ny forskrift om kva dokumentasjon som skal takast vare på for ettertida (bevaringsforskrifta). Forskrifta er meint å erstatte kapittel 7 i forskrift 19. desember 2017 nr. 2286 om utfyllande tekniske og arkivfaglege bestemmelser om behandling av offentlege arkiv (riksarkivarens forskrift).

## Bakgrunn

Stortinget har vedteke ny lov om dokumentasjon og arkiv (arkivlova) som trer i kraft 1. januar 2026. Lova gir Nasjonalarkivet heimel til å fastsetje forskrift om kva dokumentasjon som skal bevarast for ettertida.

Kultur- og likestillingsdepartementet sende 5. september 2025 framlegg til ny arkivforskrift på høring. Framlegget til ny bevaringsforskrift er utforma i lys av denne og byggjer på dei kriteria for bevaring som går fram av framlegget til arkivforskrifta § 4.

Arkivverket har som mål at ny bevaringsforskrift kan tre i kraft til same tid som ny arkivlov.

## Hovudinnhald i framlegget

Framlegget vidarefører hovudinnhaldet i dagens reglar, men oppbygginga og språket er likevel endra, og skriftspråket er nynorsk.

Forskrifta gir reglar for kva dokumentasjon som skal bevarast for ettertida, både frå staten, fylkeskommunar og kommunar, og inkluderer òg reglar for dokumentasjon frå private verksemdar i saker der desse fattar enkeltvedtak eller gir forskrifter.



# Arkivverket

## Høringsfråsegn

Høringsfristen er **28. november 2025**.

Med helsing Arkivverket

**Inga Reidun Bolstad**  
riksarkivar

**Harald Sommerstad**  
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen underskrifter

## Vedlegg

- 1 Høringsnotat - framlegg til ny bevaringsforskrift
- 2 Framlegg til ny bevaringsforskrift
- 3 Høringsinstansar